

# Vekeplan 8. trinn

# Veke 36 og 37

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vita kva substantiv er. Kunna bøya substantiv</li><li>• Bli ein betre lesar</li></ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa og snakka engelsk med dei andre på gruppa mi</li><li>• Kunna nytta ulike strategiar i språklæringa; munnleg og skriftleg</li><li>• Sjå korleis skular er andre stadar i verda</li></ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruka og forklara ulike reknestrategiar knytt til dei fire rekneartane</li><li>• Tolka og løysa tekstoppgåver med dei fire rekneartane</li><li>• Bruka reglane for reknerekkefølge når ein reknar med fleire rekneartar</li></ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• skilja mellom fakta og meningar</li><li>• forklara kva me meiner med falske nyheiter</li><li>• reflektera over negative konsekvensar av falske nyheiter</li></ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bli kjende med nokre fagomgrep om religion og livssyn</li><li>• Utforska og presentera sentrale trekk ved hinduismen</li></ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forklara korleis planter og dyr får energi til å leva</li><li>• Gjera greie for korleis energi blir overført i ei næringskjede</li><li>• Forklara korleis stoff i naturen blir brukte opp att</li></ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna fortelja kor du bur og kor du kjem frå</li><li>• Læra om personlege pronomen</li><li>• Læra å bøya av regelrette (svake) og uregelrette (sterke) verb</li><li>• Læra om eigedomsord</li></ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruka tysk både munnleg og skriftleg</li><li>• Kunna tal og alfabetet</li><li>• Kunna personlege pronomen og bøya nokre verb i presens</li><li>• Kunna nokre fakta om tysktalande land</li></ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruka engelsk munnleg og skriftleg i digital samhandling tilpassa føremål, mottakar og situasjon</li><li>• Presentera sjølvvalde interesseområde</li></ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p><b>Volleyball/Frisbee:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- trenar på og utvikla ferdigheter i varierte bevegelsesaktivitetar</li><li>- trenar på og utvikla ferdigheter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li><li>- øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skapa og presentera dansekomposisjonar</li></ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li></ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>utforska korleis digitale verktøy og ny teknologi kan gi moglegheiter for kommunikasjonsformer og opplevingar i skapande prosessar og produkt</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Laga god og ernæringsrett mat</li> <li>Halda god hygiene</li> <li>Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>Gjennomføra sal i kantina</li> <li>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>planleggja og gjennomføra turar ute til ulike årstider, også med overnatting, og gjera greie for val av rute og leirplass</li> <li>halda orden på og vurdera bruk av utstyr og klede</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Undersøkja behov for varer og tenester på skulen og i lokalsamfunnet</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Me synes me har hatt ein god oppstart med elevane. Det er kjekke elevar som jobbar bra på skulen. Me arbeidar med å bli godt kjent med alle og læra dei alle rutinane og reglane me har på skulen.

### Strandtur

På måndag ser det ut som det skal bli veldig fint ver, så me vil ta heile trinnet til Refsnes-stranda. Det blir aktivitetar for å byggja gode relasjonar i klassane, men og aktivitetar felles for trinnet. Fint om alle i helga sjekkar at sykkel og hjelm er i orden. Ta med passe klede, mat, nok drikke og godt humør! Dei som ynskjer det kan ta med badetøy.

### Foreldremøte

Onsdag 11. september kl 18.00 blir det foreldremøte i aulaen. Eiga innkalling til møtet kjem.

### Nasjonale prøvar

I dei neste 3 vekene skal me gjennomføra nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk. Du kan lesa meir informasjon om prøven på heimesida. Me startar i veke 36 med nasjonal prøve i lesing.

### Oppstartssamtale

I dei neste vekene vil kontaktlærarane ringa heim til føresette for å ha ein oppstartssamtale og høyra korleis skulestart har vore. Er det viktig informasjon om eleven me treng på skulen, så er det fint om dokker informerer om dette då.

Helsing oss på 8.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Nasjonal prøve	Lesing	Ja	v. 36
Nasjonal prøve	Rekning	Ja	v. 37

HEIMEARBEID VEKE 36	
<b>Norsk</b>	Les 3 * 20 minutt i boka di. Du skal registrert sidetal i slutten av veka til læraren din.
<b>Engelsk</b>	Read the poem <a href="#">Finding a friend</a> . Read it 3 times. Explain one of the words in the text. Make sure it is a word that is new to you. Write the explanation on ON
<b>Matematikk</b>	<p>1. Studer eksempelet på s. 16 i Grunnboka, Rekn ut ved bruk av minst to ulike strategiar. Grunngje valet av strategi. A) <math>13 \cdot 4</math> B) <math>16 \cdot 11</math> C) <math>64 \cdot 15</math> D) <math>200 \cdot 12</math> E) <math>56 \cdot 72</math></p> <p>2. Studer eksempelet på side 17 i Grunnboka Still opp og rekn ut. A) <math>68 : 4</math> B) <math>240 : 8</math> C) <math>321 : 3</math> D) <math>735 : 5</math></p> <p>3. Ei skuleveke kjøper Hans mat i kantina for 34 kr kvar dag. Han låner desse pengane av Tuva. Kor mykje pengar skuldar Hans til Tuva på fredagen?</p> <p>4. På skuleballot kjem det 128 elevar. Det er plass til 8 rundt kvart bord. Kor mange bord trengs det for at alle skal få plass.</p>
<b>Samfunnsfag</b>	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <u>to</u> av nyheitssakene.
<b>Naturfag</b>	Teikn og forklar fotosyntesen, ha med reaksjonslikning.
<b>Spansk</b>	Øv på og lær deg alle 6 personlege pronomen som er på Gente textos s. 19
<b>Tysk</b>	ON- Heimearbeid-Woche 36
<b>Eng fordj</b>	Make a presentation of a role model. Opgåvebeskriving finn du, og skal leverast på OneNote, Homework. Be prepared to present
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker: 8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Vegard si gruppe møter i 8D sitt klasserom Anne Marie si gruppe møter på kjøkken

<b>Friluftsliv</b>	Møt ved inngangen til Sandtangen. Me skal padla kano, så <b>hugs klede etter veret!</b>
--------------------	---

<b>HEIMEARBEID VEKE 37</b>	
<b>Norsk</b>	Les 3 * 20 minutt i boka di. Du skal registrera sidetal til læraren din i siste norsktimen i veka.
<b>Engelsk</b>	Read the text Schools around the world two or three times. Make a recording of this on ON in Heimearbeid -> Week 37. It should be at least 30 seconds.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.22-1.24 s.24. Hugs å bruka reglane for reknerrekjkjefølge som står på s. 23
<b>Samfunnsfag</b>	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene
<b>KRLE</b>	Lag eit tankekart om hinduismen der du får fram kva du kan få før. Du kan gjerne ha med teikningark
<b>Naturfag</b>	Les s. 15-16. Gjer oppgåve 9 s. 27
<b>Tysk</b>	Oppg. ligg i ON, Heimearbeid, Woche 37
<b>Eng fordj</b>	Øv til gloseprøve på torsdag. Orda finn du på OneNote, Homework.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball/Frisbee:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker: 8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Anne Marie si gruppe møter i 8D sitt klasserom Vegard si gruppe møter på kjøkke.
<b>Friluftsliv</b>	Møt ved inngangen til Sandtangen. Me skal padla kano, så <b>hugs klede etter veret!</b>

